

Korrekturlese

VEGAR UT TIL ALLE KANTAR- Undervisningsopplegg

Undervisningsopplegget til novellesamlinga *Vegar ut til alle kantar* dekker mange av kompetansemåla i læreplanen både for ungdomsskulen og for Vg1. Her er språklege oppgåver, oppgåver om form og struktur, og oppgåver om tema og innhald. Ein kan jobba med novellesamlinga over ein lengre periode utan at det blir einsformig. Ein vil sjølvsagt også kunne plukka og velja det som passar inn i undervisninga.

Oppgåver om innhald og tema skal vera så varierte at det går an å jobba med mange av tekstane (helst heile boka) utan at det blir for mykje likt. Her må ein nytta seg av mange ulike metodar (ulike skrivemåtar, fagsamtalar, drama, lage film, intervju, forska i lokalsamfunnet, digitale forteljingar, teikneserie og så vidare)

“BALL MOT VEGG – TUSEN OG UENDELEG GONGER” av Edmund Austigard
(ungdomstrinn, 10. klasse)

Før du les

Ta klassen, eller ei gruppe elevar, med ut. Finn nokre fotballar og ein stad der ein kan sparka ball mot vegg. La først ein elev få sparka ballen mot veggen om att og om att. Lytt til rytmen. La fleire elevar sparka ball mot vegg. Be dei om å følgja same rytme og tempo. Lytt og spark, fortare, seinare, med større avstand og med bytte av fot. Deretter tilbake til at berre ein sparkar. La alle dei andre lytte. Dunk, dunk, dunk.

Så går ein inn i klasserommet og finn fram teksten. (Ved strålande vér kan ein gjerne lesa novella saman ute. I ein ring på idrettsbanen, i ei trapp eller ein annan eigna stad.)

1. Jobb i grupper på 3-4 – Diskusjonar og praktiske øvingar:

- a) Kva betyr det å halda takten?
 - Er det takt og rytme i fotball?
 - Når kan det vera viktig å halda takten?
 - Er takt og rytme det viktigaste i musikk?
 - Finst det likskapar mellom fotball og musikk?
- b) Kva er støy, og kva er gode lydar?
 - Korleis kan dunkinga av fotballen mot veggen vera både støy og nokre gonger gode lydar?
 - Kva er støy for deg?
- c) “*Dei dansande lette stega var skifta ut med drassande tunge skritt*” (side 13). Denne setninga skildrar fotballguten i novella.
 - Korleis ser dette ut trur du? Vis til kvarandre på gruppa. (Finn ein stad utanfor klasserommet der de kan dramatisera dette)
 - Kva for språkleg verkemiddel brukar forfattaren i denne setninga?

- Kan ein ha dansande steg i fotball? (Test det ut)
 - Lag så mange skildringar de kan av bevegelsar og spel i fotball, der de bruker ord og uttrykk frå musikk og dans.
 - La deg inspirera av parodien på fotballkommentator Roar Stokke og kommenter kvarandre sin innsats med ball (eller eit kamputdrag på skjerm) https://www.youtube.com/watch?v=ipCqbXu3M_I
 - Dramatiser nokre av skildringane på fotballbanen frå den førre oppgåva.
- d) “*Den jamne takten ville gitt maks måloppnåing i skjemaet mitt*” (side 12).
Dette seier Janne (som er lærar) i samtale med Tella.
- Kva for skjema er det ho meiner?
 - Kva er det lærarane måler når dei lager ulike skjema for måloppnåing?
 - Kan alt ein gjer i skulen målast? Lag ei liste av det som er lett å måla, og det som er vanskeleg å måla.
 - Korleis er det mest rettferdig å vurdere elevarbeid?
- e) “*Ingen barn vil vera drit*” (side 17)
- Kva er bakgrunnen for at guten seier dette?
 - Korleis kan læraren hindra at nokon føler seg “drit”?
- f) Kva tenker du er tema og budskap i novella? Finn eksempel frå teksten som viser det du har kome fram til.
- g) Det er snakk om takt og rytme fleire stader i novella.
- Finn du noko takt og rytme i måten teksten er skriven på? Noko som gjer at det er ein god takt og flyt når du les?
 - Finn eksempel frå teksten og forklar korleis dette skaper rytme i novella.
 - Kva for språklege verkemiddel kan skapa rytme i ein tekst, meiner du?

Grammatikk

- h) “*Dag etter dag, guten – ballen – veggen.*” (side 11)
- Kva for ordklasse er dag, gut, ball og vegg?
 - Leit etter fleire ord i same ordklasse på side 11
 - Lag bøyingsskjema: ubunden og bunden form, eintal og fleirtal, og bøy minst fem av orda du har funne på side 11.

	EINTAL		FLEIRTAL	
	Ubunden form (En, ei, eit)	Bunden form (Den, det)	Ubunden form (Fleire)	Bunden form (alle)

Skriveoppgåver

- a) Lag eit dikt med tittelen: *“Ingen vil vera drit”*
- b) Korleis går det med fotballguten vidare, trur du? Skriv ein kort tekst om kva som skjer vidare med han. Vel forteljar og synsvinkel sjølv.

“VAMPYRANE SAMLAST PÅ MADLATUA” av Arnt Birkedal
(ungdomstrinn/10. trinn)

Oppgåver om innhald og tema:

1. Vampyrtema

- a) Kva vil du seia er tema i novella?
- b) Hovudpersonen seier noko om den gamle vampyren *Hafr* “*at han går sånn i frø, han har byrja å puppa seg. For å bli noko anna att?*” I den siste linja i novella står det: “*Leggja meg, puppa meg, kanskje bli noko anna att*”.
Kva trur du han meiner med dette?
- c) Kvifor trur du vampyrar er mykje brukt i litteratur og film?
- d) Les artikkelen frå Framtida (lenke). Kvifor har forfattaren i artikkelen valt å bruka vampyrar i romanen sin?

<https://framtida.no/2015/11/08/hapar-barnebok-med-vampyrar-vil-provosera>

2. Stadnamn og lokale vampyrar

- a) Vampyrane i forteljinga me nettopp har lese, held til på Madlatua. Kor trur du vampyrane held til i ditt lokalmiljø?
- b) Bruk ulike kjelder og forsk på stadnamnet til den plassen du meiner vampyrane held til i ditt lokalmiljø. Kva betyr namnet på staden? Kvifor held vampyrane til der? (meiner du)
- c) Gå på ekskursjon i nærmiljøet og finn stader der vampyrane kan halde til.

3. Grammatikk:

Nynorsk og bokmål liknar på veldig mange måtar, men det er nokre ulikskapar som det er verdt å merka seg, blant anna at nynorsk har mange ord med diftong. (til dømes: heim, meir, leika, ein, ei, eit, haust, raud...)

Utforsk teksten “Vampyrane på Madlatua” og leit etter ord med diftong, ord som er annleis på nynorsk enn på bokmål.

- a) Skriv ned orda du har funne. (Det held med ord frå den første sida)
- b) Lag eit trekolonneskjema der orda du har funne står i første kolonne. I andre kolonne skriv du ordet på bokmål og i tredje kolonne skriv du kva for ordklasse det er.
- c) Korleis vil du uttala desse orda på din dialekt?

- d) Leik deg med orda og prøv å laga ei setning der du bruker så mange som mogleg.

4. Oppgåver om form og struktur:

Forteljar og synsvinkel

- a) Forklar kva forteljar og synsvinkel er og korleis dette kan vera i ulike noveller.
- b) Kva for synsvinkel er det i novella “Vampyrane på Madlatua”?
- c) Vel eit avsnitt der synsvinkelen kjem tydeleg fram. Skriv dette om til ein annan synsvinkel. Reflekter over kva dette gjer med teksten.
- d) Fortel til ein medelev kva du hugsar frå teksten. Kva for synsvinkel brukar du då?

Forteljemåte.

I ei novelle kan ein bruke ulike forteljemåtar; handlingsreferat, skildringar og tanke/replikkevekslingar.

- a) Kva for forteljemåte er dominerande i novella?
- b) Finn eksempel på skildringar i novella. Skriv ned eit avsnitt du likar og sei noko om kvifor desse skildringane er gode.
- c) Ulike fargar er nemnt fleire gonger i novella (raud, gul, blå) I kva samanheng er fargane brukte, og kvifor trur du forfattaren har valt desse fargane?

Skriveoppgåve

- a) *Dracula*, *Twilight* og *Vampire Diaries* har også vampyrar som tema. Utforsk kjelder på internett og sjå kor mange filmar, tv-seriar, videospel og bøker du finn med vampyrtema. Vel ei av desse og skriv ein reklametekst for denne.
- b) Skriv forteljingar og skremselshistorier om dei lokale vampyrane som du kan bruka i ei forteljarstund for 1. klasse på barneskulen du gjekk på.

Kreative oppgåver

- a) Jobb i grupper og dramatiser ei av forteljingane de har laga.
- b) Lag ein teikneserie/animasjon i creaza av vampyrforteljingane de har laga, eller novella de har lese, eller ei anna vampyrforteljing.



Kilde: https://store.steampowered.com/app/427290/Vampyr/?curator_clanid=34646979


“NYFØDD GUT” av Inger Bråtveit (vidaregåande)

Arbeid i grupper på 3-4

1. Les novella høgt for kvarandre, eit avsnitt kvar.
2. Utforsk kvart avsnitt saman og lag ei oversikt over tidsrekkefølga på dei ulike avsnitta. Kva gjer det med innhaldet i novella at ho hoppar litt att og fram i tid? Diskuter.
3. Samanlikn det første og siste avsnittet i novella. Kva for forteljemåte er dominerande her? Korleis er stemninga i dei ulike avsnitta? Korleis får forfattaren fram ei stemning hos deg som les?
4. “Eg er vræmo” står i 3. avsnitt side 36. Kva betyr *vræmo*, trur de?
5. Lytt til songen “Thorn in my side” av Eurythmics. Les nest siste avsnitt på side 36 om att. Her finn du sitat frå songen du nettopp har høyrte. Diskuter korleis teksten på songen kan samanliknast med innhaldet i novella.
<https://www.youtube.com/watch?v=gN7bQnTpLQI>
6. Kva er temaet i novella slik de ser det? Kva er det forfattaren vil seia oss?
7. Midt på side 35 står det “eg tenkjer på det syster sa om å gå utanfor sirkelen”. Kva kan det bety å gå utanfor sirkelen?

Skriveoppgåve

1. Skriv ein kreativ tekst med tittelen: “Systre”



https://www.fineart.no/galleriobjekt/Lars_L%F8ken_-_S%F8stre/382817

“DEN LANGE VEGEN INN TIL STAVANGER BY” av Kristin Auestad Danielsen
(vidaregåande/3. klasse)

Før du les:

1. Studer tittelen. Kva trur du denne teksten handlar om?
2. Kva er forskjellen på å gå til byen og gå på byen?
3. Forklar korleis din veg til Stavanger by er ifrå der du bur (eller der du går på skule)
Bruk mange adjektiv og språklege bilete. Kva observerer du rundt deg?

Medan du les:

Prøv å sjå for deg kor handlinga går føre seg. Er det nokre stader du kjenner att?

Etter du har lese:

1. Kva er det første du hugsar av teksten etter at du er ferdig med å lesa? Skriv kort om det du hugsar best. Kvifor hugsar du dette trur du?
2. Samanlikn det du har skrive i nr 1 med ein medelev. Diskuter kvifor ein legg merke til ulike ting i ein tekst.
3. Kjatti er eit kallenamn for Kjartan. Kvifor lagar ein kallenamn? Er det forskjell på kor vanleg det er med kallenamn på gutar og jenter? Er det vanleg med kallenamn i ditt miljø? Kom med eksempel.
4. Då gutane i novella gjekk i barnehagen, fekk dei raude papirhjarta med tekst på. Kva sto det på hjarta? Kvifor var det like tekstar på hjarta, trur du? Skriv tekstar på raude papirhjarte til kvarandre og heng opp i klasserommet.
5. Kva for synsvinkel finn me i teksten? Skriv det siste avsnittet med Kjatti si stemme.

6. Kan gutane i novella vera seg sjølv fullt og heilt? Finn eksempel frå teksten og forklar. Kva vil det eigentleg seia å vera seg sjølv, meiner du?



<https://www.vg.no/protokoll/kan-du-ta-det-beste-varbildet/1217/post/496710/>

“**UNGDOM**” av Arne Garborg (9. trinn- vidaregåande)

Gruppearbeid:

1. Les novella for kvarandre i gruppa. Ta ca. ei side kvar og les høgt. Etter at ein er ferdig, så utforskar de denne sida saman og leitar etter vanskelege ord. Noter ned dei orda som de ikkje forstår, eller dei orda som er annleis enn dei me bruker i dag. Så les de vidare.
2. Fordel alle orda de har funne mellom dykk. Bruk ulike ordbøker på nett og finn ut kva orda betyr.
3. Leik med orda og lag setningar som er vanskelege å forstå, men som likevel gir meining. Test om dei andre på gruppa skjønar setninga di. (Dei som lagar flest setningar vinn ein sjokolade:)

Skriveoppgåver:

1. Vel ein av karakterane i novella; Anne Malene, Per eller Jens, og skriv ein kort tekst frå deira synsvinkel.
2. Tenk deg at Anne Malene levde i dag. Lag ei forteljing som liknar på den du nettopp har lese, men endr ho slik at det kunne vore i 2021.

3. Konfirmasjonen før og no. Lag ein bildeserie med korte tekstar til kvart bilete. Bilete og tekst skal skildra utviklinga av konfirmasjonen frå byrjinga og fram til i dag.
4. Lag eit intervju med ein eldre person (bestefar/mor, oldefar/mor) der du får intervjuobjektet til å fortelja om korleis deira ungdomstid var. Få fram stemninga i rommet under intervjuet. Ver kreativ med illustrasjonar til intervjuet.
5. I novella har dei etternamn som Oppigarden og Nedigarden. Kvifor har dei slike etternamn? Kva for etternamn er mest vanlege i Noreg i dag? Kor kjem ditt etternamn i frå? Skriv historia bak etternamnet ditt. Bruk nettsidene under som kjelder.

<https://forskning.no/sprak-ny-etnisitet/na-er-to-av-tre-norske-etternavn-et-gardsnavn/276679>

<https://slektogdata.no/nb/historisk-utvikling-av-etternavn-og-stedsnavn>

6. Utforsk Arne Garborg sitt forfattarskap. Han har skrive svært mange verk. Studer oversikten frå Garborgsenteret. Vel to av desse som du skriv litt om.

<https://www.jaermuseet.no/garborgsenteret/arne-og-hulda-garborg-sine-verk/>

“NAKEN” av Heidi Hjorteland (Målgruppe: 9. og 10. klasse, Ungdomstrinn)

Før du les:

1. Korleis vil du forklara ordet *naken*?
2. Slå opp i etymologisk ordbok og finn ulike tydingar av ordet *naken*.
(<https://naob.no/ordbok/naken>)
3. Lag eit tankekart i mindomo (<https://web.creaza.com/no/product/mindomo>) der du set ordet *naken* i midten. Bruk det du har funne i etymologisk ordbok til å fylla ut. Tankekartet kan du jobba vidare med seinare. Her kan du legga inn bilde, definisjonar, sitat, ordtak og illustrasjonar.
4. Sjå for deg ein garderobe til ein symjehall.
5. Tenk over: Når følte du deg *naken* sist?

Les novella “Naken” (Om det er mogleg, gå til næraste symjegarderobe og sit der og les)

ORD OM KROPP: (først individuelt så i grupper)

1. Noter ned alle orda i novella som har med kropp å gjera.
2. Lag eit tokolonneskjema og sorter orda du har funne. Ha ei kolonne med ord som gir deg positive assosiasjonar og ei kolonne med ord med negative assosiasjonar.
3. Samanlikn lista di med ein medelev. Er det nokre ord de har plassert ulikt? Diskuter kvifor.
4. Fyll ut vidare den positive lista. Lag gjerne nye ord.

5. Jobb saman i grupper. Teikn ein silhuett av ein kropp på ein stor plakat. Ein av dykk kan legge seg ned på golvet oppå ein papirrull, og dei andre teiknar rundt. Skriv alle positive ord om kropp på plakaten. Heng han opp i klasserommet.

Skriveoppgåver: OM Å SJÅ SEG I SPEGELEN

1. I byrjinga av novella går Ramona forbi ein spegel. Kva er det ho ser? Kva føler ho om det ho ser i spegelen?



2. Les utdraget frå romanen *Tre meter med kniv* av Eili Harboe:

Kroppen min ser så annleis ut i spegelen. Som om han ikkje tilhøyrer meg. Ein klump med føter og armar på sida. Spegelen viser eit heilt anna menneske. Eg klarer ikkje kjenne min eigen kropp med mindre eg har slått meg eller kjenner smerte på noko vis. (...) Dei fleste jentene i klassen plar dusje med undertøyet på etter gymmen, eller ikkje i det heile tatt. Dei har med seg hårspray og Victoria`s Secret Body Spray og legg eit nytt lag med sminke oppå det som var der frå før. Eg har alltid synst at det er utruleg merkeleg. Dei kan vel ikkje vere så flaue? Til vanleg har dei fleste push-up-bh og stor utringing, medan med ein gong me skal i dusjen, så er det liksom ei greie. Dette var sjølv sagt noko mor hengde seg fullstendig opp i då eg fortalde om det. Eg snakkar med mor om mykje. Problemet er berre at det som regel slår tilbake på eit eller anna vis. Enten ringer ho andre foreldre, eller så ringer ho skulen. I dette tilfellet ringde ho skulen og skjelte ut læraren min. Ho meinte skulen bidrog til meir kroppspress når ikkje alle jentene kunne dusje saman. (...) (Harboe, side 28-29)

Samanlikn opplevinga Ramona (frå novella “Naken”) og Lykke (frå romanen *Tre meter med kniv*) hadde då dei såg seg i spegelen i garderoben.

3. Kva kan eit spegelbilde fortelja oss? Kan me styra kva me ser i spegelen? Skriv ein kort tekst om fordelar og ulemper med å ha spegel i symjegarderoben.

4. “Å sjå seg sjølv i spegelen” kan bety noko meir enn berre det konkrete me ser. I kva samanheng kan ein bruka eit slikt uttrykk.
5. I Bibelen står det
No ser vi i ein spegel, i ei gåte, men då skal vi sjå andlet til andlet. No skjønar eg stykkevis, men då skal eg kjenna alt fullt ut, liksom eg fullt ut er kjend av Gud.
(1.Kor. 13.12)
Kva er det ein ser i spegelen her, og kva er det ein ikkje ser? Diskuter med ein medelev kva for sanning spegelen gir oss?

MOR OG DOTTER:

1. Korleis oppfattar du forholdet mellom mor og dotter for Ramona i novella og Lykke i utdraget over? Grunngje svaret ditt og vis til teksten.
2. Korleis meiner du foreldre skal snakka med ungdommane sine om kroppspress? Lag ein dialog mellom foreldre og ungdom.
3. Gå saman to og to og spel dei ulike dialogane.

KROPPSGLEDE OG KROPPSPRESS: (diskusjonsoppgåver)

1. Kva kan ordet kroppsglede bety? Finn eksempel i teksten på kroppsglede.
2. #kroppspositivisme gir tusenvis av treff på instagram. Kva er det folk vil uttrykka gjennom ein slik emneknagg?
3. Kva vil det seia at ungdom kjenner på kroppspress i dag? Kan du finna døme på kroppspress i teksten? Vis til døme og grunngje svara dine.
4. Sjå ein episode av *Superkroppen* på NRK. Kan ein slik serie bidra til å auka eller minske kroppspress blant born og unge? Korleis? Forklar og vis til døme frå serien.
<https://nrksuper.no/serie/superkroppen>
5. I kva for tekstar og kanalar møter born og unge synspunkt som påverkar deira eiga oppfatning av eigen kropp og andre sine kroppar? Noter ned alt du kjem på. Samanlikn med ein medelev og diskuter korleis dei ulike tekstane påverkar.
6. Lag ein klassesdebatt om kroppspress og kroppskultur. Vel ulike ekspertar i panelet. Kva for stemmer er viktigast i ein slik debatt? Kven må vera representert?

TEMA OG BODSKAP:

1. Sit saman to og to og diskuter ulike tema de finn i novella.
2. Kva er det aller viktigaste denne novella vil seia oss, meiner de?

“EIN DAG VIL VI GLØYMA” av Odveig Klyve. (vidaregåande)

Før me les:

1. Skriv ned tittelen på eit ark. Kva betyr setninga? Når er “ein dag”? Kva betyr det at “vi vil”? Kva betyr det egentleg å “gløyma”?
2. Noter ned hendingar frå dei siste dagane som du trur du vil ha gløymt om eit år.
3. Er det noko av det som skjer akkurat no, denne timen, denne veka, du aldri vil gløyma?
4. Kan ein velja kva ein vil hugsa og kva ein vil gløyma? Skriv ein refleksjonstekst på ca. 200 ord.

Les novella “Ein dag vil vi gløyma” av Odveig Klyve

1. Les stille for deg sjølv. Prøv å finna ein rytme når du les.
2. Gå saman i grupper. Lag eit rollespel der ein les høgt (har forteljarstemme) og dei andre dramatiserer utan tale. Vis for kvarandre i klassen.
3. Reflekter saman over ulikskapar i dramatiseringane.

Skriveoppgåver:

1. Bruk novella som modelltekst. Lag ein tekst der du brukar den første delen av setningane til kvart avsnitt i din tekst. Eksempel:
Du elsker.....
Du elsker....
Du elsker....
Du reiser frå...
Så drog dei....
La deg inspirera av teksten, men lag din eigen versjon.
2. Skriv ein tekst om å lengte etter noko anna. Få fram korleis det livet me lever no er (livet i ein pandemi) og lag kontrastar til det du lengtar etter.
3. Novella sluttar slik:

Og byen som vi elska, skal vakna og fyllast med folk, på kafear og kino, i kyrkjene, i konsertsalane skal vi sitje tett i tett. Vi vil høyra støyen frå motorvegane, lyden av båtar som legg til kai, og flya som lettar. Vi vil kryssa grenser på nytt til den vi var, til

den vi skal bli. Ein dag vil vi kanskje gløyma at jorda framleis har feber. Ein dag vil vi kanskje gløyma alt.

Skriv ein tekst om korleis livet under ein pandemi kan endre den ein er som person.

“SANSEN FOR DET SØTE” av Siri M. Kvamme (vidaregåande)

Arbeid i grupper:

1. Les teksten kvar for dykk og noter deg ein episode eller ei skildring du la merke til.
2. Ein og ein på gruppa fortel til dei andre om kva dei har lagt merke til og kvifor.
3. Har nokon lagt merke til det same? Har de same forklaring?
4. Diskuter innhald og tema i novella. Kva handlar dette egentleg om?
5. Lag kvar dykkar skildringar av Birger og samanlikn desse.
6. Diskuter påstanden: *Kjærleik har inga aldersgrense.*

Skriveoppgåve:

Kva skjer etterpå?

Tenk deg at dette er ein TV- serie og du er ein av manusforfattarane. Du har fått i oppdrag å laga sesong to, og sjefen din vil ha forslag på fire ulike scenario for korleis det går med Birger. Skriv fire forslag til første episode av sesong 2. Ca 100 ord på kvar tekst.

“NILS SOM GJEKK TIL SKOGS” av Rasmus Løland (ungdomstrinn)

Leseoppgåver:

1. Les novella roleg for deg sjølv
2. Kva bilde får du i hovudet etter å ha lese novella?
3. Finn fem bilde på nettet som kan illustrera forteljinga.
4. Finn musikk som du meiner passar til teksten.
5. Trekk ut fem setningar som oppsummerer innhaldet.
6. Set saman eit bilde for kvar setning og legg til musikk slik at det blir ei digital forteljing med utgangspunkt i “Nils som gjekk til skogs”

Grammatikk

1. Vel eit avsnitt i teksten som du set om frå nynorsk til bokmål.
 - Forklar kva ulikskapane mellom dei to målformene er i det avsnittet du har valt. Bruk fagomgrep om grammatikk og språk.
2. Vel eit avsnitt som du skriv om frå preteritum til presens. Kva gjer dette med teksten synest du?
3. Finn 4 døme frå teksten på bruk av *og* og *å*. Forklar kvifor det skal vera *og* eller *å* i dei tilfella du har funne. Kva funksjon har orda?

Refleksjonsoppgåve:

1. Les om att skildringane om kvinnfolket på side 119. Reflekter over korleis eigne tankar og kjensler spelar inn på vår eiga oppfatning av ting.

“TOMME TRUSLAR” av Oda Malmin (ungdomstrinn)

Verkemiddel i forteljingar:

1. Les novella fleire gonger og noter deg kor i teksten du synest det er mest spennande.
2. Kva for verkemiddel bruker forfattaren for å få fram spenninga? Vis til eksempel i teksten og forklar korleis ulike verkemiddel er brukt.
3. Les novella på nytt og legg ekstra trykk der det er spennande.
4. Gå saman i grupper på 3 og lag eit opptak av novella som eit høyrspel.
5. Sjå første episode av “Sinna mann” frå NRK. Diskuter i grupper om mannen i novella kan samanliknast med “Sinna mann”?

<https://tv.nrk.no/serie/vold/sesong/1/episode/1>

6. La dykk inspirera av novella og det du har sett frå NRK. Lag ein brosjyre/kampanjemateriell frå helsesjukepleiarane som seier noko om kva ein kan gjera dersom ein opplever/eller mistenker at nokon opplever vald i nære relasjonar.

7. Ta kontakt med helsesjukepleiar på skulen og spel nokre av høyrerspela for hen og la helsesjukepleiaren ha eit opplegg for klassen om vald i nære relasjonar.

“JULEBREV FRÅ ODDEMANN PÅ NESET” av Tore Renberg (vidaregåande)

Læraren les novella høgt i klassen.

Refleksjon i klasse eller i grupper:

- * Kva tenkjer dokker om det Oddemann skriv?
- * Kva er budskapet i teksten?
- * Skal ein vere ærleg for ein kvar pris? Reflektér og diskutér.

A - individuelle skriveoppgåver:

Her kan ein velje ut ei eller begge skriveoppgåvene, eventuelt at elevene får velje sjølve.

Skriveoppgåve I

Å ønskje kvarandre god jul, er ein tradisjon me har hatt lenge i Noreg, men kor lenge, og er tradisjonen i endring? Du skal nå skrive ein saktekst som bør innehalde følgjande punkt:

1. Finn ut kor tradisjonen med å ønskje kvarandre god jul kjem frå, og korleis den har endra seg gjennom tidene. Her må du bruke fleire kjelder.
2. Kva tenkjer du om det å skrive julehelsing før og nå? Er dette noko me bør ta vare på? Grunngje meiningane dine.
3. Har din familie juletradisjonar, eventuelt har dokker andre tradisjonar som går igjen i familien din? Skriv kva for nokre, og korleis dokker feirer desse.
4. Kva tradisjonar ønskjer du å vidareføre når du blir vaksen? Fortel kvifor.

Skriveoppgåve II:

Skriv ditt eige julebrev til familien din, - eller vennene dine. Du må gjerne bruke “Julebrev frå Oddemann på Neset” som inspirasjon, både i skrivemåte og innhald (ærlegdom).

B - Adaptasjon: frå novelle til skodespel - gruppeoppgåve

Sjå føre dokker at Oddemann les opp julebrevet sitt i familiens faste førjulstreff, kva skjer? Her står dokker heilt fritt til sjølve å legge inn handlinga i skodespelet.

Oppgåve:

1. Skrive manus som skal:
 - vere inndelt i akter (hovuddelar) og scenar (mindre deler)
 - ha scenetilvisingar og replikkar

- vere oversikteleg for skodespelarane slik at det blir enkelt å lese og framføre tekst.
 -
2. Framføre skodespelet i klassen eller lage film. Filmane viser ein så i klassen.

INGENTING MENNESKELEG av Gaute M Sortland

Læraren les novella høgt med stor innleving.

Samtale i klassen:

1. Kva betyr hemn?
2. Lag ulike påstandar om hemn og det å vera sint. La elevane gå til ulike hjørne av klasserommet dersom dei er einige, ueinige eller usikre. La dei diskutere saman i kvart sitt hjørne før ein tek det i plenum.
(Påstandar som:)
3. La fantasien ta av i klassen: kva kan skje vidare her? Skriv idear på tavla.
4. La elevane velja om dei vil laga ei forteljing, ein teikneserie eller ei digital forteljing om kva som skjer vidare.

“BLONDINEFABRIKKEN” av Terje Torkildsen (ungdomstrinn/vidaregåande)

Før du les:

1. Vandra i Gamle Stavanger og setta seg på ein eigna plass der for å lesa novella, eller:
2. Sjå på bilete/film frå Gamle Stavanger før alle les novella.

Refleksjon saman:

1. Kva fordommar kjem fram i novella?
2. Korleis får forfattaren fram desse fordommane?
3. Kva er sladder? Korleis skjer sladder i ditt miljø?

Gruppearbeid: (tverrfaglege opplegg med matematikk – laga hus – og kunst og handverk?)

1. Lag eit dokketeater med utgangspunkt i novella. Her må de reflektera ekstra over korleis personane er skildra og få dette fram i dokkene de lagar. Dokkene treng absolutt ikkje vera naturtru, men det må komma tydeleg fram korleis dei er skildra i

novella. Bruk ein enkel kasse til kulisse, eller lag “kopi” av eit hus du vel frå Gamle Stavanger.

Eller:

2. Lag animasjonsfilm med utgangspunkt i novella. Hugs at skildringane av karakterane må samsvara med det du har lese.

“VERDENSKATTEN” av Helge Torvund (vidaregåande)

Les og filosofer saman:

1. Les teksten roleg to gonger. Kva er det første du tenker når du er ferdig?
2. Korleis er skrivemåten i denne novella? Er det noko du legg merke til?
3. Det er lite avsnitt i novella. Kva gjer det med deg som les?
4. Kva er temaet i denne novella? Noter ned for deg sjølv først, så snakkar du med ein medelev før diskusjon i plenum.